Tokke

# Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1368-1

Sakshandsamar: Tone Lunde Skaalen

## Saksgang

| Utval | Møtedato | Saksnummer |
|---|---|---|
| Helse, oppvekst, kultur og idrettsutval | | |
| Formannskap | | |
| Kommunestyre | | |

# Organisering av skulefritidsordning på Åmdals Verk frå haust 2027

Saksframlegg godkjent 04.11.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

### Bakgrunn for saka

I kommunestyret 22.09 – 26, sak 51/2026 blei det vedteke at det skal opnast skulefritidsordning i Åmdals Verk frå 01.08 – 2027.

Vedtaket er som følgjande:

«*Etter ynskje frå føresette blir det oppretta tilbod om SFO på Åmdals Verk frå 01.08.2027. Det skal vere tilbod før skulestart om morgonen og etter skuletid om ettermiddagen, samt ved skulefri på torsdagar. SFO på Åmdals Verk følger barnehagens opningstid og stenges dei same fire vekene om sommaren som barnehagen. Kostnaden skal innarbeidast i budsjettet.»*

Før skulefritidsordninga kan opnast haust 2027 må ein få på plass ein rekkje avklaringar i høve organisering.

Det er ikkje lovfesta direkte i tekst/lov at barnehage og skulefritidsordning ikkje kan drivast saman. Går ein derimot inn å tolkar barnehagelova og opplæringslova er dette likevel ikkje anbefalt i høve alder, modning, utvikling og innhald. Samdrift av barnehage og skulefritidsordning er ikkje veldig vanleg. I drøfting i kommunestyret blei det referert til at «slik har det alltid vore og dette har gått bra». I ny rammeplan for skulefritidsordning skal ein oppfylle visse kriterier for innhald etter opplæringslova, medan barnehagelova oppfyller sine krav. Barnehagen i Åmdals Verk er berre godkjent for barn i barnehagealder.
I den vidare organiseringa blir difor målet å halde drift av barnehage og skulefritidsordninga frå kvarandre i ordinær dagleg drift, sjølv om dei er lokalisert i same bygg.

**Saksutgreiing**

Administrativ organisering

Skulefritidsordninga bør ligge underordna rektor ved Tokke skule. Dette fordi SFO ligg under opplæringslova. Rektor kan velje å delegere oppgåvene kring tilsyn og administrasjon til inspektør eller leiar ved skulefritidsordninga på Dalen.

Opningstid, bemanning og kostnad

Måndag, tysdag, onsdag og fredag vil SFO vere open frå kl. 14.20 til 16.30 på ettermiddagen.

Det er nokre utfordringar knytt til opningstida om morgonen og i feriar:

I vedtaket viser ein til opning av morgontilbod. Om eit born kjem 06.45 skal den kome inn, kle av seg for deretter å kle på seg att 07.10. Bussen går nede i vegen kl. 07.20. Då blir opphaldet om lag 15 min. som er svært kort tid.

Dersom den SFO – tilsette skal kome på jobb 45 min kvar morgon vil dette medføre til delt dagsverk. Elevane kan heller ikkje vere i barnehagen denne tida. Lokala er ikkje godkjende for dette, samstundes er dette den mest sårbare tida i høve bemanning i barnehagen.

Dersom skulefritidsordninga skal vere ope frå kl 06.45 til 16.30 på torsdagane og i feriane blir dette 9 timar og 45 min arbeidstid.
Arbeidstid over 9 timar kjem i konflikt med arbeidsmiljølova § 10-6 overtid:

«*Arbeid utover avtalt arbeidstid må ikke gjennomføres uten at det foreligger et særleg og tidsavgrense behov for det»*

I den vidare vurderinga viser ein til 2 alternativ:

Alternativ 1:
Det blir ikkje lagt opp til morgontilbod måndag, tysdag, onsdag og fredag. Dette på grunn av at den faktiske oppmøtetida berre blir 10 – 15 min. Resten går til av/påkledning. Ein unngår her delt dagsverk og evt. ekstra skysskostnader.
På torsdagar og i feriar vil opningstida vere frå kl. 07.00 til 16.00 (9 timar) I feriane kan/bør ein legge opp til noko samarbeid med barnehagen i høve bemanning for å unngå overtid.
I høve bemanning alternativ 1, treng ein å tilsette ein person i ein 62% stilling (i desse prosenta ligg 3 - 4 timar planlegging i veka) I tillegg må ein legge inn 10% til leiing på Tokke skule og 5% til barnehage i feriar (vikar). Dette blir totalt **77% bemanning.**

Kostnad:
Kostnadane på løn er uvisst då dette kjem ann på bakgrunn til søkjar. I utrekninga har ein tatt utgangspunkt i søkjar med 3 årig høgskuleutdanning og full ansiennitet.

Då skulefritidsordninga på Åmdals Verk ligg åtskilt frå Tokke skule, bør det opprettast eit eiga ansvarsområde.

| | |
|---|---|
| 67% stilling i SFO Åmdals Verk (62% sfo tilsett + 5 % barnehage) | Kr. 535 000,- |
| 10% administrasjon (Tokke skule): | Kr. 100 000,- |
| Årelege netto driftskostnadar (mat/utstyr mm): | Kr. 40 000,- |
| Rigge til nytt lokale (eingongskostnad): | Kr. 50 000,- |
| Total kostnad 2027: 5 mnd. drift + oppstart | Kr. 335 000,- |
| **Årleg kostnad frå 2028** | **Kr. 675 000,-** |

Alternativ 2:
For å få til morgontilbod med opningstid frå 06.45 til 07.20 måndag, tysdag, onsdag og fredag, samt full opningstid på torsdagar og i feriar, må ein bruke ein tilsett frå barnehagen i SFO lokalet i 2 etg. kvar morgon. For å få til dette må ein auke ramma for bemanning i barnehagen med om lag 17%. Dette kan medføre til nokre utfordringar i høve bemanningskabal for barnehagen.

I høve bemanning alternativ 2, treng ein å tilsette ein person i ein 60% stilling (i desse prosenta ligg 3 - 4 timar til planlegging i veka). I tillegg må ein legge inn 10% til leiing på Tokke skule og 17% til barnehage for å drifte SFO om morgonen/full opningstid. Dette blir totalt **87% bemanning.**

Kostnad:
Kostnadane på løn er uvisst då dette kjem ann på bakgrunn til søkjar. I utrekninga har ein tatt utgangspunkt i søkjar med 3 årig høgskuleutdanning og full ansiennitet.

Då skulefritidsordninga på Åmdals Verk ligg åtskilt frå Tokke skule, bør det opprettast eit eiga ansvarsområde.

| | |
|---|---|
| 77% stilling i SFO Åmdals Verk (60% sfo tilsett + 17% barnehage) | Kr. 615 000,- |
| 10% administrasjon (Tokke skule): | Kr. 100 000,- |
| Årelege netto driftskostnadar (mat/utstyr mm): | Kr. 40 000,- |
| Rigge til nytt lokale (eingongskostnad): | Kr. 50 000,- |
| Total kostnad 2027: 5 mnd. drift + oppstart | Kr. 366 000,- |
| Årleg kostnad frå 2028 | **Kr. 755 000,-** |

Sjukdom og vikar

Det er krevjande å få vikarar i barnehagane som er ute i grendene. Dette vil truleg også bli ei utfordring ved oppstart av SFO på Åmdals Verk.
Administrasjonen viser til følgjande organisering.

- Ved akutt sjukdom i SFO tida: Samkøyring med barnehagen på Åmdals Verk
- Ved planlagt fråvær som til dømes permisjon, kurs eller sjukdom der ein har tid til å organisere: Borna må møte opp på skulefritidsordninga på Dalen.

Utlysing

Før utlysing av stillingar i mars må ein vurdere om denne stillinga skal lysast ut opent eller internt. Dette på bakgrunn av den totale bemanningssituasjonen.

Andre punkt i høve organisering

- Uteområdet nyttast både av barnehagen og skulefritidsordninga. Tilsette må vere merksam på at alle skal oppleve eit trygt og godt leikemiljø.
  Skulefritidsordninga er ofte på tur på torsdagane,- det vil då berre vere ein tilsett saman med borna.

- Kommunalsjef for oppvekst må søkje godkjenning etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» før oppstart.

- Arealet i 2. etasje over barnehagen må ryddast i løpet av tidleg vår 2027. Her må teknisk etat og føresette (som har tilbudd seg å hjelpe) involverast.

**Konklusjon**

For å sikre best mogleg drift der me i minst mogleg grad blandar barnehagelova og opplæringslova, bør ein drifte barnehagen og skulefritidsordninga kvar for seg.

Kostnad differanse mellom alternativ 1 og 2 er om lag kr 80 000,-

Kommunedirektøren meiner ein bør gå for alternativ 1 (opningstid, bemanning og kostnader), då ein ser at oppmøtetida for elevane om morgonen blir svært kort. Opningstid på 9 timar på torsdagar og i feriar bør også vere tilstrekkeleg.

Kommunedirektøren viser til følgjande oppsummering:

1) Skulefritidsordninga i Åmdals Verk er opent etter alternativ 1: Kvar ettermiddag etter skulen og fram til kl. 16.30. På torsdagar og i feriar er opningstida 9 timar, frå kl. 07.00 til 16.00
2) Ved «planlagt» fråvær av SFO tilsett må borna flyttast til SFO på Dalen. Ved særskilde høve må borna vere saman med barnehagen.
3) Barnehagen og skulefritidsordninga delar uteområde.
4) Årleg kostnad på kr. 675 000 (alternativ 1),- blir tilført ramma til oppvekst.

**Kommunedirektørens tilråding**

1) Skulefritidsordninga i Åmdals Verk er opent etter alternativ 1: Kvar ettermiddag etter skulen og fram til kl. 16.30. På torsdagar og i feriar er opningstida 9 timar, frå kl. 07.00 til 16.00
2) Ved «planlagt» fråvær av SFO tilsett må borna flyttast til SFO på Dalen. Ved særskilde høve må borna vere saman med barnehagen.
3) Barnehagen og skulefritidsordninga delar uteområde.
4) Årleg kostnad på kr. 675 000 (alternativ 1),- blir tilført ramma til oppvekst.